

Gamal folketradisjon um han Embrik Gulbrandson Ulnes, født ca. 1730

På Øvre Ulnes var det ei ekkje so vart attsitau med tre mindre-årlige onga, då mannen døyde. Ekkja gifta se att med ein mann tå Svenis, men mannen var so slem, at då ongaden vart so mæte, so sende han dei ut på bygde te o tigji, slek so fattigfolk måtte det i dei tin, før o berge livet.

Den eldste tå ongo, ein gut so eitte Embrik, var den fyste so måtte ut med tigjarpøsa. Guten vanka ikring i grannebygdo, o var ein julesftaskveld kome like te Frigsta i Slire. Kjeringe på Frigsta, so sto o kokte Julegrauten, snudde på seg o såg på denna fillute guten so sto so fattig-sle borte ved døre. Ettepå såg ho på ei tå døtto sine so var på same alder. "Du Marit får ta o vaske denna guten du," sa ho, "han kunna gjedne bli kjæresten din han." O ho Marit gjorde slik som ho vart bedt.

Dån Embrik vart bortimot vaksin, sa ein mann tå Gøe te hono at han skulde ta att Ulnes, før han hadde odelen, sa mann. "Å e har nok kji nok o ta att nokon gard med, e so snaut eig kleo på skrøtte," sa guten. "Du ska få låne tå me", sa Goismannen. O slek vart det.

Ein juleefta nokre år seindre, kom det kjøran ein fremmankar inn på gardstunet på Frigstad. Det va akkurat når klukkuden i Slirekjørkjunn ringde julehelge inn. Mannen hadde ein stor gild hest og fin kjøresale med nysylvbeslag og sjøl satt han i ulveskinnpels. Då fremmankaren va inn komin, so undrast han på om dei kjende hono att. Men det va ingen der i huse so dro kjensel på hono. "Ja dette e no guten dø vaska" sa han Embrik Ulnes, for han va det, "o no kjem e att ette jentun".

Embrik Gulbrandsen Ulnes o ho Marit Eivindsdøtte Frigsta vart gifte, o levde isamen på Ulnes te dei vart gamle.

Då dei ikkje fekk nokon son, so fekk dei laga ein daupefont åt Ulneskjørkjunn, om no det kunna hjelpe. Daupefonten, ein engel, utskørin tå tre, står i Ulneskjørkjunn den dag i dag, o rundt kanten på daupefate atår med måla bokstava: Foræret til Ulnes Kirke ene av manden E.G.S. og M.E.D. Ulnes, den 11. novem. 1793.

(Efter Erling Ringsaken født 1863, død 1942.)